



Referat FAU ved Bryne ungdomsskule

Desse møtte: Iselin Gjære Lothe, Anne Grete Hustoft Flataukan, Zofia Nedrebø, Dorthe Bekkeheien, Linn Iren Oppedal, Magda Line, Tone Skrudland.

Onsdag 17. september kl. 19.00 – 20.00

Stad: Kantina

Anne Grete leia møtet.

1. Starta med ein kort presentasjon av FAU ved rektor Iselin. Gjennomgang av medlemmar, vara og kva som er oppgåvene til FAU og SU.
Vara for Christopher i SU blei Zofia Nedrebø.
Vara for Anne Grete i KFU blei Dorthe Bekkeheien.
2. Info frå skulen med rektor:
 - Oppstart:
 - Har hatt ein kjempegod oppstart på alle trinn.
 - Nasjonale prøver på 8. og 9. trinn.
 - Screening med Dysmate for å avdekke dysleksi på 8.trinn.
 - Klassetrivsels-undersøking som ligg fast to gonger i året. Syns det kjem fram litt lite info i Elevundersøkinga.
 - Elevkveldar:
 - Drøfta om ein skal kontakte Møllekjelleren om dei kan arrangera ein bli-kjent kveld for elevar og føresette dagen/kvelden før oppstart på 8.trinn.
 - Kontantfri kantine
 - Verdensdagen for psykisk helse:
 - Tverrfaglege aktiviter veka før haustferien. Kanonball-turnering for heile skulen i Timehallen. 1. oktober. Blir arrangert av fjorårets medlemmer i elevrådet.
 - Lokal identitet / samarbeid med Historielaget
 - Fått eit økonomisk tilskot av historielaget. Starter på 8.trinn med eit prosjekt der dei skal studere bygningar i Bryne. Lage eit mono-trykk som resultat av dette. 9.trinn skal ha eit prosjekt på mat og helse. 10.trinn lærer om utvandringa til Amerika gjennom ein tur til Stavanger.

- Utviklingsarbeid:

Forslag til utviklingsmål:

Fokus på

- Læringsmiljø og elev-medverking.
- Læringsresultat: Halvere andel elevar som treng individuelle tiltak. Jobbe for å ha godt med ressursar i klasserommet. Alle elevar vil vera ein del av fellesskapet i klasserommet. Jobbe med gode strategiar som vil gagne alle elevar i klasserommet
- Gutane skal ha like mange grunnskulepoeng som jentene
- Alle tilsette skal ha kompetanse i språkvanskar.
- Vurdering.
- Orden og oppførsel og merknader. Viktig at alle ansatte i skulen har så lik praksis som råd.

Økonomi:

- Har litt pengar til overs. Har spart inn på administrasjon i vår.
- Har fått eit tilskot til praktisk undervisning.
- Har fått tilskot til fysiske lærebøker.

3. Høyring lokal forskrift om permisjon og hovudmål:

Kva er praksis hos oss i Time kommune. Forskrifta har vore oppe i elevrådet og i personalet.

Me gjekk gjennom paragrafane:

Formål

Verkeområde

Vilkår for permisjon frå grunnskuleopplæringa

Lengde på permisjon

Kven kan gje permisjon

Søknad

Forkorting av retten til eleven har til grunnskuleopplæring.

Klage

Innspel frå FAU:

- Lang søknadsfrist med 1.mnd. Kva med dei med familie i andre land som må reise ved akutt sjukdom / dødsfall. Er det behov for ei noko rundare formulering?

Høyring lokal forskrift om hovudmål:

Hovudmålet på grunnskulane i Time kommune skal vera nynorsk.

Ingen innspel frå FAU.

4. Eventuelt

Referent Tone Skrudland

Postadresse	Bryne ungdomsskule	Tlf	51776000	Rådhuset
Rådhuset Postboks 38 4349 Bryne	Sveinsvollsvegen 5 4340 Bryne	Tlf 51776440	Bryne ungdomsskule	